



Ein lett tur rundt historiske og naturvakre Herdla.

An easy walk round the beautiful and historic island of Herdla.



Herdla.



Rute og ymse av interesse

Terreng: Bygdeveg og sti. Relativt flatt.
Tid: 1 1/2 - 2 timar

Kort om Herdla si soge:

Herdla har ei soge forankra i arkeologiske funn. Desse viser at det har budd folk på øya i meir enn 5 000 år. Bygdeborga på vestsida av øya er eit av dei største byggverka vi kjenner frå førhistorisk tid i Noreg. Herdla Gard vart kongsgard under Harald Hårfagre, og mange kjende kongar, adelige og vikingar har budd på garden.

I dag dannar aktivitetar og dyreliv på storgarden kontrastar til sjøfugl-paradisot mot det nordlege Herdlaflaket. Restar av fordums okkupasjon står ennå att einskilde stader, som avskrekkeande symbol på saga si ublide handsaming av fredelege folk og landskap.

Parkering ved Herdla Museum.

1. Herdla Museum vart formelt opna den 7. mai 1995 i samband med feiringa av 50 års jubileet for frigjeringa etter 2. verdskrig. Museet inneheld ein eigen utstilling som presenterer effektar, modellar og fakta om det som skjedde på Herdla under 2. verdskrigen. Museet gir dessutan informasjon om kyrkja, og om Herdla si lange og spanande soge, om geologi, natur og fugleliv. Alle sider ved øya sin natur og soge er vist gjennom ymse utstillingar. Museet vil vera i kontinuerleg utvikling

Route and places of interest

Terrain: Country roads and paths. Relatively flat.
Time: 1 1/2 - 2 hours

Herdla's history in brief

Herdla's history is rich in archaeological finds, which show that the island has been inhabited for over 5,000 years. Bygdeborga on the west side of the island is one of the largest prehistoric sites discovered in Norway. Herdla Gard (estate) was incorporated in the crown lands by King Harald Fairhair, and many famous kings, noblemen and Vikings stayed at the manor house.

Nowadays the farming operations and livestock on the estate contrast with the seabird sanctuary at the north end of Herdlaflaket. The remains of the German occupation can still be seen in some places, a frightening reminder of history's indifference to peaceful people and landscapes.

Park at Herdla Museum.

Herdla Museum (1) was officially opened on 7 May 1995 as part of the celebrations marking the 50th anniversary of Norway's liberation after the Second World War. A special exhibition displays artefacts, models and information about Herdla during the war. The museum also includes exhibitions on the church, on the island's long and fascinating history, and on geology, wildlife and birds. All aspects of Herdla's nature and



Frå Herdla Museum går vi tilbake til hovudvegen tar til høgre og passerer Herdlevågen (2) med småbåthamn. Her var «kyrkjekaien», der folk som skulle i kyrkja gjekk i land. Her ser vi og den gamle driftsbygningen til Herdla Gard.

Vidare tar vi vegen oppover til Herdla Kyrkje (3). Det er ei dramatisk soge knytt til denne kyrkja. Ho vart bygd på 1100-talet og var ei steinkyrkje i romansk stil. Seinare vart ho bygd om i gotisk stil. I 1665 vart kyrkja rana av engelskmenn. Etter stormskade i 1861 vart kyrkja riven. Det vart så bygd opp ei ny, større kyrkje på same staden. Steinen frå den gamle kyrkja vart brukt i dei nye kyrkjemurane. I 1934 brann kyrkja, men vart reist igjen på dei gamle murane.

Under 2. verdskrigen vart alt i kyrkja sett på lager rundt om i distriktet, og tyskarane brukte kyrkja mellom anna til lager og stall. På søndre del av kyrkjegarden finst ei lita minnestøtte over russiske krigsfangar som vart sette til å laga eit nett av tunnelar under kyrkja.

Tilbake på hovudvegen tar vi til venstre, forbi Herdlauset med utleigerom. Følg vegen vidare og vi kjem ut på den gamle flyplassen (4). Den vart bygt av tyskarane under 2. verdskrigen. Det er framleis mogleg å sjå konturar av flystripa.

Vi følgjer så grusvegen som held til høgre utover. Dette er eit område der ein må visa spesielt omsyn til fugle- og dyrelivet. *Hugs å ha hunden i band!*

Nesten heilt ute kjem vi til restane av to hangarar. Like før desse kan vi følgja stien opp til høgre. Her er det ein del krigsminner, kanonstillingar og holer inn i fjellet. Vi gjer merksam på at desse ikkje er sikra. Her er det og ei rekkje fine plassar å raste på.

Her i frå følgjer vi stien vidare langs nordre del av den gamle flyplassen, på utsida av gjerdet, mot sjølve fuglereservatet.

Naturen på Herdla er særprega med store, flate områder og langgrunne strender med eit våtmarksområde som har gjort fuglelivet særst spesielt. Dette heng saman med det store grunnvatnområdet «Herdlaflaket», som har ein rik marinbiologisk fauna som gir mat til store mengder dykkande sjøfugl. Det er observert fleire fugleartar enn nokon annan stad i fylket (204 artar pr. des. 1994).

Forutan å ta vare på eit maritimt våtmarksområde, har området også stor geologisk interesse. Alle er velkomne til å vitja reservatet. Vernereglane er ikkje til hinder for vanleg ferdsle til fots. Som ein service er det til og med på Urneset (5) sett opp eit fugleobservasjonstårn og ein observasjonsplattform ute i naturreservatet. *Det er ferdslsforbod i området nord for dette huset i perioden 15/4 til 30/9.*

Etter eit besøk i fugleobservasjonshuset følgjer vi same veg tilbake ca. 200 meter. Her går du inn gjennom ein opning i gjerdet og skrår over jordet (langs den tidlegare flystripa).

Vel tilbake på hovudvegen vil det høva bra med litt forfriskningar på Herdla vertshus før vi går tiltbake til utgangspunktet og parkeringsplassen.

history are represented in the museum, and further development of the exhibitions is planned.

From the museum, return to the main road and turn right, passing the small harbour at **Herdlavågen (2)**, once used by churchgoers arriving by boat. The old farm buildings for the estate are also here.

Continue up the hill to **Herdla Church (3)**, which has a dramatic history. It was built in the 12th century as a stone church in Romanesque style and later rebuilt in Gothic style. In 1665 the church was ransacked by the English, and in 1861 demolished following storm damage. A new, larger church was then built on the same site, using stones from the old church. This new church burned down in 1934 but was rebuilt.

During the Second World War the church was used by the Germans as a store and stables, after its contents had been removed for safekeeping to various locations in the district. The southern part of the churchyard contains a small memorial to Russian prisoners of war, who were ordered to construct a network of tunnels beneath the church.

Returning to the main road, turn left past Herdlauset (guest house). Continue along the road until you reach the old airfield (4), built by the Germans during the war. You can still make out the outline of the runway.

Now follow the gravel track which bears off to the right. You must take particular care with wildlife and birds in this area, so *please keep dogs on a lead*.

Just before you reach the remains of two hangars, take the path up the hill on your right. There are more war remains here: gun emplacements and holes in the hillside. Please note that these are unsafe. There are also plenty of good picnic places.

Continue on the same path along the northern edge of the old airfield, skirting the fence, towards the bird sanctuary.

The landscape of Herdla is characterized by large, flat expanses, long, shallow beaches and wetlands with abundant birdlife. This is because the area of shallow water known as Herdlaflaket is rich in marine fauna, providing food for large numbers of seabirds. More bird species have been observed here than anywhere else in Hordaland (204 different species at December 1994).

The area is also interesting from a geological viewpoint. Visitors are welcome to enter the bird sanctuary - the rules do not prohibit normal access on foot. At Urneset (5) an observation tower and platform provide fine views of the nature reserve. *Access to the area north of this point is prohibited between 15 April and 30 September.*

After visiting the bird observatory, retrace your steps for about 200m, then pass through the opening in the fence and cut across the field, following the former runway.

Once back to the main road, you might like to enjoy some refreshments at Herdla Vertshus (inn) before returning to the car park where the walk started.

Hugs:

Grunneigarane har opna opp for turvegen, og alle som fylgjer veg og sti må forvalta denne invitasjonen på best mogleg måte. Hugs og lat att grindar, ver var om dyr i marka, og far fint med naturen. Ver merksam på lokale reglar for bandtvang for hundar. Sjølv om fotturane er lagt godt tilrette og merka, kan det alltid vera noko som endrar seg, eller synest å mangla. Dei som har lagt turane tilrette, tar ikkje ansvar for skader eller anna som måtte skje under turen. Turen blir gjennomført på eige ansvar og risiko.

Remember:

The landowners have opened their land to visitors, and no-one using the roads or paths should abuse this invitation. Remember to close gates behind you, don't disturb or feed animals, and take care with nature. Dogs must be on a lead. Although the walks are well marked and prepared, things may change, or appear to be missing. Those responsible for laying out the walks do not accept any responsibility whatsoever for any injury or damage caused during any participation in any or all walks.

Lagt tilrette og utgitt av Hordaland fylkeskommune i samarbeid med Fylkesmannen i Hordaland, Landbruksavdelinga og Hordaland og Bergen Reiselivsråd.